



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Tom N. Pedersen, 5557 2119

Vår dato  
28.10.2016  
Dykkar dato  
25.10.2016

Vår referanse  
2016/13706 542.1  
Dykkar referanse

Hordaland fylkeskommune  
Postboks 7900  
5020 Bergen

### Søknad frå Havforskningsinstituttet om løyve til oppdrett av fleire marine artar

Vi viser til søknad frå Havforskningsinstituttet datert 20. oktober 2016 og oversendt frå Hordaland Fylkeskommune den 26. oktober 2016. Havforskningsinstituttet søker om løyve til oppdrett av fleire marine artar. Det vert søkt om løyve til oppdrett av rognkjeks, djupvassreke, kamskjel, hyse, flekksteinbit, havabbor, dorade, sei, breiflabb, tilapia og chinook. Det vert ikkje søkt om utviding av produksjonen eller endringar på lokaliteten.

Søknaden utløyser ikkje trong for endring av utsleppsløyvet på lokaliteten Matredal. Produksjonen skal skje innafør den biomasseproduksjonen dei har løyve for.

Dorade, tilapia og chinook er artar som ikkje er heimehøyrande i norsk natur. Oppdrett av dorade, tilapia og chinook krev særskilt løyve. Vi viser her til *Forskrift om fremmede organismer* som trådte i kraft 1. januar 2016. Forskrifta blir forvalta av Miljødirektoratet. Vi føreset at søknad om innførsel av tilapia og chinook blir sendt Miljødirektoratet for handsaming der.

Med helsing

Ingrid Torsnes  
senioringeniør

Tom N. Pedersen  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Kopi til:  
Havforskningsinstituttet